

Irakisk prest om livet etter IS, i lys av Matteus 5,1-16:

‘Sjølv eit stearinlys kan konkurrera ut mørkret’

– Den vesle kristne minoriteten i Irak er kanskje berre eit stearinlys. Men også eit slikt lys kan konkurrera ut mørkret, seier den irakiske presten Emanuel Youkhana i ein samtale om teksten i Matteus 5,1-16.

Tekst: Johannes Morken

Youkhana står midt i eit arbeid for å hjelpa både kristne og jesidiar til å byggja opp att liva sine etter IS som prøvde å utsletta jesidiane og reinsa Irak for kristne.

Her snakkar Youkhana om sæle-prisingane i Matteus 5, som endar i vers 11-12: *«Sæle er de når folk for mi skuld spottar og forfølgjer dykk, lyg og talar vondt om dykk på alle vis. Gled dykk og jubla, for stor er løna dykkar i himmelen. Slik forfølgde dei òg profetane før dykk.»*

Språkleg merknad: Der den norske bibelen brukar orda «Sæle er» eller «Salige er», heiter det i engelsk og arabisk bibelomsetjing (omsett): «Velsigna er...» Youkhana brukar denne ordlyden.

JM– Korleis kan kristne i Irak og kristne i vest forstå sæleprisingane?

EY: – Dette er ein tekst der vi som er kyrkjer i Midtausten og de som kyrkjer i vest kan dela erfaringar. Vi lever midt i teksten, vers 11-12. Vi vert forfølgde. De les teksten og høyrer om forfølginga, men vert – takk Gud – ikkje forfølgde. Men alle dei andre velsigningane i Matteus 5 kan vi alle leva i, Midtausten og de i vest.

– Alle velsigningane frå vers 3 til 10 er, interessant nok, formulerte i tredje person. Dei er adresserte til alle, over alt og alltid. «Velsigna er dei fattige i ånda.» «Velsigna er dei som skaper fred.»

– Men i vers 11 endrar Jesus adresse: «Velsigna er de når dei for mi skuld hånar og forfølgjer dykk...» Her peikar Jesus direkte på læresveinane den



gongen – og på oss her og no. Læresveinane stod andlet til andlet med Jesus, det same gjer vi. Dette er ein viktig lærdom. Vers 11-16 er toppen av ein serie akkumulerte velsigningar i denne teksten.

- Kva tyder det å vera velsigna i forfølgning?

– Den som lid og kjenner smerte, får oppleva kven som er nær, kven vil dela smerta dei opplever midt i forfølginga. Dette er ein test for kristne som ikkje lid for trua, ein test på om han eller henne har kjærleik til dei som lid. Og vi som lid for trua, kjenner oss meir velsigna når vi vert forfølgde enn når vi gjer gode ting som kanskje også andre gjer.

– Må alle kristne bli forfølgde for trua?

– Nei, ikkje alle kristne må lida under forfølgning. Ingen skal lida for lidingas eiga skuld. Når nokon blir forfølgde for trua, er det ei fysisk liding. Men det er også ei anna liding, når ein som kristen lever i eit samfunn og ein kultur og eit miljø som ikkje er kristent. Det er inga fysisk liding, men like fullt ei liding. Men det er ikkje slik at alle kristne må lida verken på den eine eller den andre måten.

– Kva slags forfølgning opplever kristne i Irak?

– I Irak er det ikkje martyrium i dag, slik det er i land som Nord-Korea, Saudi-Arabia og Kina. Der er det folk som vert forfølgde og fengsla for trua, og nokon blir drepne. Undergrunnskyrkjer må kjempa.

– I Irak har kristendomen djupe røter (i 2000 år) og er anerkjent. Vi har ikkje fysisk forfølgning i Irak. Men vi har det vi kan kalla kulturell forfølgning. Vi er kulturelt, sosialt og juridisk diskriminerte fordi vi ikkje vert rekna som borgarar med dei same rettane som fleirtalet, i eit land med islamsk lovgjeving.

– Det var annleis i åra med IS?

– Under IS var det forfølgning. Til dømes vart også kristne kvinner tekne av IS til sex-slaveri. Vi veit ikkje kor mange, nokre av dei fortel ikkje om dette, fordi det er så skamfullt. Men eg har privat vore involvert i tre saker der vi har fått sett kristne kvinner fri frå sexslaveri under IS.

– Vi minnest også ein lege i byen Karaqosh på Ninivesletta. Han blei verande på sjukehuset då IS angreip den kristne byen. Han tok seg av pasientane, som lege og kristen og blei drepen av IS.

– Under IS hadde vi heller ikkje berre individuelle martyrium, men også eit kollektivt martyrium. IS-krigarar øydela kyrkjer. Vi såg på TV, video



eller foto at alter, utstyr i kyrkjene og Bibelen vart knust og øydelagt. Vi kjende at djupt i oss var vi alle ein del av dette martyriet, også vi som sat langt borte frå den fysiske øydelegginga. Djupt inne i oss kjende vi oss knuste. Vi visste også at dersom vi hadde vore der, ville vi blitt drepne.

– Etter denne bestialiteten les vi i Matteus at kristne skal skapa fred. Er det alltid råd?

– Vi skal skapa fred, vera miskunnsame og dela med dei fattige. Vi skal vera audmjuke. Særleg vanskeleg er det å vera fredsskapar i ei verd styrt av menneskelege ideologiar. Jesus seier at hans rike ikkje er av denne verda. Å laga verkeleg, varig fred i denne verda, er svært vanskeleg.

– Kva meiner vi med fred? Det er ikkje nok at det ikkje er krig. Jesus fortalde læresveinane etter oppstoda, i Johannes 14,27, at den freden som han gjev læresveinane, ikkje er «den freden som verda gjev». Den freden som vi vert bedne om å skapa, er annleis enn den freden som politikarar skaper når dei signerer ei våpenkvile eller ein fredsavtale. Å skapa fred betyr ikkje å inngå fred fordi ein er svak, som politiske aktørar gjer, medan dei ventar på at dei får nok makt eller våpen nok til å ta oppatt krigen eller krangelen.

– Den freden vi skal skapa, er ein fred djupt inne. Vi kan ikkje ha fred med fienden dersom vi ikkje elsker han eller likar han. Å skapa fred betyr at vi ikkje lenger er fiendar. Å skapa fred er tilgjeving, respekt og rettferd.

– Kristne i Irak krev rettferd og rettsoppgjer etter IS. Kva plass har rett og rettferd kontra det å skapa fred?

– Å vera tolerant, å tilgje andre og søkja fred, betyr ikkje at vi ikkje skal krevja rettferd og rett. Rettferd er eit MUST for at folk skal kunna leva i fred med kvarandre. Utan rettferd er det ingen berekraftig fred.

– Er det å bli forfølgd for trua eit bevis på sann kristen tru, og skal oppsøkja forfølginga?

– Eit spørsmål som har følgt oss gjennom heile kyrkjarahistoria, er dette: Vart martyrane våre martyrar fordi dei ville bli det, eller fordi dei ikkje hadde noko val? Martyrium for martyriets eiga skuld er sjølv mord, ikkje martyrium. Men når eg vert stilt på val om enten å forneakta Jesus, eller å bli drepne, då er det eit verkeleg martyrium. Alle martyrane vi kjenner, vart martyrar fordi dei ikkje ville forneakta trua på Jesus.



– Irakiske kristne har ei historie i 2000 år og mange epokar med diskriminering og forfølgning. Opplever de dykk velsigna med ei slik historie?

– Vurdert med menneskelege augo og eit materielt blikk: Vi har mista mykje og har lidd mykje. Men ser vi på det indre livet, er vi velsigna, fordi vi ikkje har valt materielle fordelar. Vi opplever oss difor som søner og døtrer i Hans kongedømme. Jesus seier i Matt 19,29 at dersom vi ikkje gjev opp vårt materielle liv, til og med foreldra, landsbyen og åkrane, er vi ikkje kvalifiserte. Vi kristne i Midtausten har fått valet mellom det materielle livet og livet i Jesu kongedømme. Mange kristne i Europa og andre vestlege land har ei utfordring: mange lever i materiell overflod og spør seg: «Treng vi Gud? Vi har alt, hus, jobb, pengar, bil. Kva anna treng eg?»

– Kva lekse har vi kunna lære av pandemien?

– Den «positive» lærdommen under pandemien, for kyrkjer i vest, er at de på eitt vis kom nærare livet til dei forfølgde kyrkjene. Brått kunne ikkje kristne i vest gå til kyrkja når de ville. De fekk ein sjanse til å leva dykk inn livet til forfølgde kristne, som til dagleg ikkje får lov til å møtast til gudsteneste. Dei lever i staden i undergrunnskyrkjer. Testen for dykk kjem når samfunnet opnar opp at etter pandemien: Vender de tilbake til kyrkja, til fellesskapet. Eller tenkjer de at de ikkje treng fellesskapet? De er utfordringa.

– Korleis skal vi som kristne i vest bli velsigna i vers 11-12? Korleis kan vi ta vårt ansvar og koma nærare teksten?

– Startpunktet er: Vi er eitt i Han. Difor kjenner de smerta vår, ikkje den fysiske smerta, men de opplever at ein del av kroppen lid. Kva gjer du dersom ein del av kroppen din opplever smerte? Du går til lege. Legen i dette tilfellet er Vår Herre. Gå til legen i bøn. Dessutan: fortel andre om dei forfølgde. Slik oppmuntrar de dei som blir forfølgde for trua. Verda er ein liten landsby. De i Noreg kan gje den forfølgde kyrkja ei stemme i den «ikkje-forfølgde» kyrkja i Noreg. Del også økonomisk. Mange kristne samfunn manglar ressursar, særleg når dei er ribba etter ein katastrofe. Kristne offer for IS her i Irak har akutt behov for å byggja opp att liva sine. Vi treng sterkare skuldrar for å bera krossen som vi må bera.

– Dei kristne kyrkjene i Irak har ein veg å gå for å skapa fellesskap seg imellom?

– Det er ei utfordring, fordi politikk har teke plass blant høgtstående kyrkjeleiarar. Biskopar kranglar og oppfører seg som politikarar. Eg skammar meg. På grasrota ser eg derimot ikkje minst unge som byggjer



opp eit fellesskap mellom kyrkjer. Dei kjenner seg som og lever som eitt fellesskap. Den kristne kyrkja må ikkje berre skapa fred med andre, men også fred i det kristne samfunnet.

– Korleis les du vers 13-16 om kristne som lys og salt?

– Vi er, gjennom dei akkumulerte velsigningane i vers 3-12, blitt reinsa slik at vi blir lys og salt. Når vi aksepterer å bli forfølgde for Hans namn, blir vi reinsa, filtrerte, testa og kvalifiserte til å vera lys og salt i verda. Jesus seier også at når vi blir lys, kan vi ikkje gøyma oss. Eit lys som blir gøymt, er ubrukeleg. Salt utan kraft er ubrukeleg. Vi må dela evangeliet, utan omsyn til at vi betalar ein pris ved å bli forfølgde. Difor skal vi ha mot til å visa oss som lys i verda.

– I dag er det ein liten kristen minoritet igjen i Irak, ein million kristne er borte samanlikna med for 20 år sidan. Er det nok kristne i Irak til å vera lys?

– Vi er langt færre enn vi var. Men det er mange lysande kristne som tener dei fattige, som deler med dei som treng det. Dette er folk som oppfyller det Jesus seier i Matt 5,16: Så verda «kan sjå dei gode gjerningane dykkar og prisa Far dykkar i himmelen!» Eg ser menneske som praktiserer kristne verdier, som skaper fred. I alle land her i Midtausten, også i Syria og Irak, er det sterke krefter som byggjer murar. Vi kristne byggjer bruer. Det er ei levande kyrkje. Vi er kanskje berre eit stearinlys, men også eit slikt lys kan konkurrera ut mørkret.

Om Emanuel Youkhana

Emanuel Youkhana har den kyrkjelege tittelen erkediakon i [Assyrian Church of the East](#). Men dette er ikkje ein diakon-tittel, men ein prestetittel. Erkediakon er den høgaste posisjonen ein gift prest kan ha i kyrkja hans. Over ein erkediakon kjem biskop, erkebiskop og patriark, ingen av dei kan gifta seg.

Youkhana leier den kyrkjelege hjelpeorganisasjonen Capni som har base i Duhok, i den sjølvstyrte kurdiske regionen i Irak. Capni driv omfattande hjelpearbeid blant jesidiar, kristne og andre i den kurdiske regionen og inne på Ninivesletta der IS drap og øydela frå sommaren 2014.